

KFUK - HJEMMET

MÅNADSHESLING

Juni 2019

Norsk KFUK, 52 Holland Park, W11 3RS

www.kfukhjemmet.org.uk / +442077279346

Takk for oss!

Det duftar av blomar i gatene, Holland Park er full av smilande menneske og vi nyt dei lange lyse dagane i London. Vi mimrar tilbake til då vi først kom til London i juli 2018 og hadde eit heilt år i

London i vente. No er dette året snart over og vi har berre ein månad igjen før det kjem nye eittåringar og tek over den fantastiske jobben. Vi ynskjer med dette å takke for moglegheita til å vere eittåring, vi vil takke for alle møtene med gjester, vi vil takke for eit år med utfordringar, vekst, lærdom, glede og latter. Det har vore eit magisk år!

Takk for oss!

Helsing eittåringane 2018/2019



Kloke ord fra staben

I mars kom eg hit som "husmorvikar." Ei god mottaking av ein varm, omsorgsfull og ivrig stab, i eit hus som eg før har budd i som student, gjorde det lett å føle seg heime. No er det allereie juni. Rosene i hagen blømer. For mange betyr denne månaden ikkje berre sommar og – forhåpentlegvis - sol og varme, men også at ein kan begynne å sjå fram i mot feriar og fri der ein kan bruke tid med venner og familie. Mange forbinder kanskje derfor denne tida med nettopp dette ordet: *heim*. Enten det handlar om ein fysisk heim eller ein følelse av heim, å reise heim eller å få nokon heim.

Mange fastbuande på KFUK-hjemmet får moglegheit til å reise heim til familie og venner i ferien, og eg er sikker på at mange foreldre gler seg til å få barn og barnebarn heim i løpet av ferien. Denne tida kan også bety eit avbrekk frå kvardagen, eller forandring ifrå korleis det pleier å vere. Anten det er å slappe av heime eller å reise og sjå andre stader som er andre sine heimar: Eg trur det verdifult å oppleve denne kjensla av heim - og kanskje er det med på å gjøre tida på sommaren litt ekstra fin.

For oss på KFUK-hjemmet betyr juni at store endringar er på veg i heimen vår. Seks eittåringar skal reise og seks nye skal komme. Eittåringane har det siste året vore med på skape ein god og trygg heim på KFUK-hjemmet både for seg sjølv, fastbuande og turistar. Dei har laga mat, vaska golv, arrangert sosiale stunder, og passa på at me har hatt ein god og trygg heim. No skal dei snart forlate denne heimen. Kanskje skal dei tilbringe sommaren i den heimen dei kjem ifrå, men så skal dei skape seg nye heimar, i nye byar. Dei skal lære nye ting og møte nye menneske.

Heim kan bety, og være, mange ting. For mange av oss som bur her, har me fleire stader me tenker på som heime. Dette ser eg på som ein velsigning! Eg trur ein vesentleg del av det som gjer ein heim trygg og god, er menneska og atmosfæren som blir skapt av desse menneska. Både eittåringane, fastbuande og turistar som besøker oss er med på å skape denne heimen me har her. Eg håpar at alle som er innom K, og spesielt eittåringane og dei fastbuande me seier farvel til no, er klar over at det unike bidraget dei kjem med i fellesskapet betyr noko. Dei er med på å forme eit fellesskap, ein heim – for mange.

Og me som blir igjen her... me gleder oss til å dele denne heimen med endå fleire menneske når det kjem nye eittåringar, fastbuande, og turistar i løpet av sommaren og hausten!

Eg ynskjer for dykk alle som går inn i sommaren, med store eller små planar, at de kan få kjenne dykk heime, tatt vare på og trygge. Og viss de kjem til London, tar me med største glede imot dykk her, og vil gjerne væra ein heim for dykk i denne fantastiske byen!



Maria, Husmor

Kva har skjedd på K?

17. mai i London

Å feire Noreg her i London var ei spanande oppleving for oss på KFUK-hjemmet. Vi starta dagen tidleg med flaggheising, nasjonalson og 17-maifrukost før vi tok av garde til Southwark park. Her hadde vi vår eigen bod kvar vi selde norske pølser og norsk godteri. Etter feiringa i parken reiste vi tilbake til KFUK-hjemmet og haldt fram med å feire med blautkake med gjester og stab.

Hjarteleg velkommen til 17.mai-feiring neste år!



Velkommen til årsmøte på KFUK-hjemmet!

Den 4. juni er du hjarteleg velkommen til årsmøte på KFUK-hjemmet. Det vert servert middag, kake og kaffi og underhaldning.

